

Eksamen

26.11.2020

HSE3001 Helsefremmende arbeid

Programområde: Helsesekretær Vg3

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at sensor kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderinga av eksamenen tek utgangspunkt i kompetansemåla i læreplanen.</p> <p>Sensor vurderer i kva grad kandidaten viser måloppnåing, i tråd med eksamensrettleiinga.</p> <p>Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene, og uttrykk deg tydeleg og fagleg korrekt.</p> <p>Dersom du bruker kjelder utan kjeldetilvising, vil dette bli vurdert til lågaste nivå.</p>

Du jobbar som helsesekretær ved Nes legesenter. Arbeidsdagane er varierte, og i dag har du desse arbeidsoppgåvene:

Oppgåve 1

Kari Ånes, fødd 17.05.85, kjem til legekantoret fordi ho kjenner seg i dårleg form og har svie ved vasslating. Pasienten har med seg urinprøve, så legen ber om at du tek ein CRP og u-stix før legekonsultasjonen.

- a) Gjer greie for kvifor du skal gjere desse undersøkingane.
- b) Pasienten får resept på antibiotika. Gjer greie for korleis antibiotika verkar, og gi råd om eventuelle biverknader.
- c) Etter konsultasjonen ber legen deg gi råd til Kari om korleis ho kan føreygge denne tilstanden.

Grunngi svara fagleg.

Oppgåve 2

Neste pasient, Ivar Rondane, er fødd 02.02.1965. Han ringer fordi han har diaré og kastar opp. Han fortel at det er to–tre døgn sidan det starta, og at sonen på 15 år har fått det same.

- a) Kva for nokre spørsmål vil du stille pasienten, og kvifor?
- b) Kva for nokre råd vil du gi pasienten, og kvifor?

Grunngi svara fagleg.

Oppgåve 3

Etter lunsj har Terje Nes, fødd 20.11.60, legetime. Han fortel at han har hyppig vasslating og er veldig tørst. Legen måler HbA1c og glukose. Det viser høge verdiar, og legen mistenker diabetes type 2.

Etter legekonsultasjonen har Terje nokre spørsmål om diabetes. Legen snakka om insulinresistens, insulin og langtidsblodsukker, og det ønsker Terje å vite meir om.

- a) Du informerer Terje om kva desse omgrepa betyr. Forklar og grunngi det du seier til pasienten.
- b) Legen ber deg gi informasjon og råd om førebyggjande tiltak og kva for nokre helsemessige vinstar desse gir. Forklar og grunngi det du seier til pasienten.
- c) Pasienten har også spørsmål om kva som kan skje om han ikkje følger råda dine. Gi informasjon om dette.

Oppgave 4

Same dag kjem Ida Sørli, fødd 09.09.73, til legekantoret for å skifte på eit sår. Det blei teke ei bakterieprøve av såret for 1 veke sidan. Svaret frå mikrobiologisk avdeling kom i dag, og det viser seg å vere MRSA.

Legen informerer pasienten om resultatet, og du får i oppgåve å skifte på såret.

- Ida lurar på kva ein infeksjon med MRSA er, og korleis ho skal forhalde seg til denne infeksjonen i kvardagen.
- Ho har også spørsmål om det er farleg, og om ho kan smitte andre.

Kva for informasjon vil du gi pasienten? Grunngi svara fagleg.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at sensor kan finne fram til dem:</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingen av eksamensbesvarelsen tar utgangspunkt i kompetansemålene i læreplanen.</p> <p>Sensor vurderer i hvilken grad kandidaten viser måloppnåelse, i henhold til eksamensveiledningen.</p> <p>Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene, og uttrykk deg tydelig og faglig korrekt.</p> <p>Dersom du bruker kilder uten kildehenvisning, vil dette bli vurdert til laveste nivå.</p>

Du jobber som helsesekretær ved Nes legesenter. Arbeidsdagene er varierte, og i dag har du følgende arbeidsoppgaver:

Oppgave 1

Kari Ålnes, født 17.05.85, kommer til legekantoret fordi hun føler seg i dårlig form og har svie ved vannlating. Pasienten har med seg urinprøve, så legen ber om at du tar en CRP og u-stix før legekonsultasjonen.

- a) Gjør rede for hvorfor du skal gjøre disse undersøkelsene.
- b) Pasienten får resept på antibiotika. Gjør rede for hvordan antibiotika virker, og gi råd om eventuelle bivirkninger.
- c) Etter konsultasjonen ber legen deg gi råd til Kari om hvordan hun kan forebygge denne tilstanden.

Begrunn svarene faglig.

Oppgave 2

Neste pasient, Ivar Rondane, er født 02.02.1965. Han ringer fordi han har diaré og kaster opp. Han forteller at det er to–tre døgn siden det startet, og at sønnen på 15 år har fått det samme.

- a) Hvilke spørsmål vil du stille pasienten, og hvorfor?
- b) Hvilke råd vil du gi pasienten, og hvorfor?

Begrunn svarene faglig.

Oppgave 3

Etter lunsj har Terje Nes, født 20.11.60, legetime. Han forteller at han har hyppig vannlating og er veldig tørst. Legen måler HbA1c og glukose. Det viser høye verdier, og legen mistenker diabetes type 2.

Etter legekonsultasjonen har Terje noen spørsmål om diabetes. Legen snakket om insulinresistens, insulin og langtidsblodsukker, og det ønsker Terje å vite mer om.

- a) Du informerer Terje om hva disse begrepene betyr. Forklar og begrunn det du sier til pasienten.
- b) Legen ber deg gi informasjon og råd om forebyggende tiltak og hvilke helsemessige gevinster disse gir. Forklar og begrunn det du sier til pasienten.
- c) Pasienten har også spørsmål om hva som kan skje hvis han ikke følger rådene dine. Gi informasjon om dette.

Oppgave 4


Samme dag kommer Ida Sørli, født 09.09.73, til legekantoret for å skifte på et sår. Det ble tatt en bakterieprøve av såret for 1 uke siden. Svaret fra mikrobiologisk avdeling kom i dag, og det viser seg å være MRSA.

Legen informerer pasienten om resultatet, og du får i oppgave å skifte på såret.

- Ida lurer på hva en infeksjon med MRSA er, og hvordan hun skal forholde seg til denne infeksjonen i hverdagen.
- Hun har også spørsmål om det er farlig, og om hun kan smitte andre.

Hvilken informasjon vil du gi pasienten?

Begrunn svarene faglig.



www.vigoiks.no/eksamen